



DEN NORSKE KYRKJA
Soknepresten i Gaular
6973 SANDE i SUNNFJORD
Telefon 95100916/E-post: frode.skeide@sunnfjordkyrkja.no

Sande 25.05.2023

Til
Konfirmant (og føresette)

PÅMELDING TIL KONFIRMASJON
I
GAULAR 2023/2024

Hei!

No er det din tur til å bli konfirmant! Konfirmasjonstida er eit av livets høgdepunkt og me vonar du og dine næraste vil vere med og at de tek dykk tid til å setje dykk godt inn i denne informasjonen.

Alle

som byrjar i 9. klasse dette året kan melde seg som konfirmantar. Dersom du ikkje er døypt eller av anna grunn ikkje er medlem i Den norske kyrkja, er du likevel velkomen til å delta i undervisninga. I løpet av konfirmantåret vil ein for udøypte ta opp spørsmålet om dåp og deltaking på konfirmasjonsdagen. Kwart år vert omlag 1000 ungdomar døypte før konfirmasjon i Den Norske Kyrkja.

Påmelding

gjer du, helst innan juni månad slik:

- 1 Gå inn på følgjande nettadresse: minkirkeside.no/sunnfjord
 - 2 Skriv inn mobilnummeret ditt. Du får tilsendt eingongskode på SMS som du nyttar til å logge inn på sida.
 - 3 Fyll ut skjema så nøyaktig som mogeleg. Det er viktig med fullstendig personnummer for både konfirmant og føresett.
- Vi brukar e-post og sms i kommunikasjonen undervegs. Difor er mobilnummer og e-post adresse til konfirmant viktig å fylle ut rett.
- NB! Set opp om du går i a- eller b-klassen på skulen.**

Det er fint om me får samtykke til å bruke bilete av konfirmantgruppa i kyrkjeblad/konfirmasjonsbilete. (Bilete av typen "passbilete"/enkeltbilete blir ikkje trykt offentleg, og i så fall ikkje utan særskilt samtykke.)

4 Trykk "Send inn"

5 Etter kort tid mottek de kvittering på e-post.

Problem? Send e-post til frode.skeide@sunnfjordkyrkja.no

Det er også oppretta ei gruppe på Facebook som heiter
Gaularkonfirmantar 2024

MEIR INFORMASJON OM KONFIRMANTÅRET ...

Innskriving

skjer først digitalt. Gudsteneste med innskriving/presentasjon blir til hausten att.

Konfirmasjon er ein tradisjon som står sterkt i kyrkja vår. Ordet konfirmasjon kjem av det latinske verbet "confirmare", som betyr å styrkje eller stadfeste. Gud står fast ved dei løfta han gav ved dåpen. På dåpsdagen har foreldre og fadrar sagt ja til å hjelpe den døypte til å leve i si kristne tru.

Dåp og konfirmasjon høyrer nøye saman. I "Plan for trusopplæring" står målet med konfirmasjonstida formulert slik:

"Målet for konfirmasjonstida er å vekkje og styrkje trua som blir gitt i dåpen, slik at dei unge kan leve i forsaking og tru, tilbeding og teneste som Jesu Kristi disiplar i heim, kyrkjelyd og samfunn."

Undervisninga

vil i all hovudsak gå føre seg i **siste veke før skulestart 2024**. Det er viktig at de set av denne veka – for denne veka er obligatorisk frammøte for alle som vil konfirmere seg og ingen får fritak. Veka blir avslutta med weekend og felles samtalegudsteneste.

Men vi skal sjølvsagt møtast nokre gonger før vi kjem så langt. Første samling er no i haust. Her vil du få informasjon om konfirmantåret, om gruppevalet du har gjort, om å vere kyrkjevert og mykje meir.

Konfirmantfestivalen er eit nytt konsept for konfirmantane i Sunnfjord. Festivalen er eit dagsopplegg med formidling, cup, aktivitetar ute og inne og sceneshow. Alle konfirmantane i Sunnfjord regionen vert invitert saman med nokre kommuner i Sogn. Frå Bergen kjem fullt band med solistar frå St. Jakob kyrkja i Bergen og Thor Håvik som er prest i Salhus og er mest kjent for si deltaking på Farmen i 2020 vert med som talar på festivalen. Denne blir i Gaularhallen 28. oktober 2023.

Før advent blir det ny samling der me skal øve til lysmesse.

Til våren blir det ei samling der vi fokuserer på fasteaksjonen for Kirkens Nødhjelp som konfirmantane har lang tradisjon for å vere med på her i Gaular.

Kyrkjevertar skal de vere heile året fram til konfirmasjonen. Alle konfirmantar må delta på minimum 8 gudstenester i løpet av konfirmantåret. Dette inkluderer gudsteneste med innskriving/presentasjon, lysmesse, samtalegudstenesta og konfirmasjonsgudstenesta med forbøn for den einskilde konfirmanten.

Konfirmantgrupper

kan kvar konfirmant velje etter ønskje. Desse gruppene vil samlast nokre få gonger i året.

Gruppene ein kan velje dette året er: a) Friluftsliv (Ansv. soknepresten)

b) *Leir på Nesholmen 29. sept – 01. okt (maks 10 stk.)
(Ansv. diakonen)

c) Musikk (Ansv. organisten)

d) Barne- og ungdomsarbeid (Ansv. Trusopplærer/diakonen)

Du kan lese **meir om gruppene** på heimesida vår: kirken.no/gaular

Vel du leir (maks 10 plassar) er det eigenbetaling på **kr. 500 i tillegg til** ordinær konfirmantavgift.

Konfirmantane vil så langt det er mogleg få oppfylt 1. eller 2. valet sitt. Enkelte grupper har avgrensa med plassar og det blir trekning dersom mange ønskjer å vere med. Skriv i prioritert rekkjefylgje på påmeldingsskjema kva gruppe du ønskjer. Dei som ikkje fører på blir plassert i ei gruppe seinare.

Hjelp og skyss

er av og til nødvendig og konfirmantar og føresette må sjølve organisere noko skyss til for eksempel miljøkveldar og fasteaksjonen m.m. Det er alltid lurt å samkøyre. Det vil også vere behov for hjelp til nattevakt på leir m.m.

Utgifter

til undervisning, ekstra materiell og utstyr blir dekket av kyrkjelyden. I tillegg til dette må ein betale eigendel for weekend, konfirmantbok, mat og leige av kapper m.m. Dette vil i år koste kr. 1200,- og dette blir fakturert i løpet av året.

SUPERVIKTIG informasjon:

Vi har nokre gonger fått vite ting undervegs i konfirmantåret som vi hadde vore betre rusta til å takle om vi hadde visst det med ein gong. Dette kan vere særskilte behov, sjukdom, allergi, lære-/lese vanskar, vanskeleg familiesituasjon, mobbeproblematikk m.m. Det hjelper oss å få relevant informasjon for å gi ei god konfirmantoppleving.

Til hausten, tidleg i konfirmantåret kallar vi inn foreldre/føresette (ikkje konfirmantane) til foreldremøte. I tillegg til generell informasjon om konfirmantåret er det mogeleg å gje og ta imot informasjon ved å snakke med underteikna før/etter samlinga.

Konfirmasjonsdagane

i Gaular hausten 2024 blir som følgjer:

Sande 25. august
Viksdalen 01. september
Bygstad 08. september

*Dersom det vert fleire enn 12 konfirmantar i bygda vert det to konfirmasjonsgudstenester same dag.

Velkomen!

til eit godt samarbeid med både konfirmantar og føresette.

Kontakt gjerne kyrkjekontoret om det er meir du lurar på når du har lese informasjonen. Sjekk også kirken.no/sunnfjord og Gaular.

Venleg helsing

Frode Skeide
- sokneprest -